

Kontrollutvalet i Kinn kommune v/ Vest kontroll

Florø, 4. februar 2026

Praksis for protokollføring i kommunale føretak, praksis i Bordgleder KF

Viser til brev frå kontrollutvalet i Kinn kommune, datert 29. januar 2026, vedkomande praksis for protokollføring i kommunale føretak. Nedanfor følgjer Bordgleder KF si utgreiing i tråd med førespurnaden.

Underteikna har lese svaret frå Florø Hamn KF, og finn at dette i stor grad samsvarar med praksis i Bordgleder. Der det er skilnader er desse tatt inn.

1. Rutinar for protokollføring frå styremøte

- a. Det blir ført protokoll frå alle styremøte i føretaket.
- b. Protokollen inneheld opplysningar om tid og stad for møtet, kven som møtte frå styret og administrasjonen, om det har møtt andre t.d. rekneskapssjef eller kommunedirektør, samt om det har vore presentasjonar eller andre aktivitetar i tillegg til dei ordinære sakene.

Dei ordinære sakene omfattar mellom anna godkjenning av innkalling, godkjenning av møteprotokoll frå førre møte, refererte skriv og meldingar (om det ligg føre slike) samt orienteringssaker. For kvar sak blir det protokollført innstilling, handsaming (til dømes om saka er samrøystes vedteken eller annan relevant informasjon) og vedtak.

- c. Styret godkjenner protokollen på neste styremøte. Godkjenninga skjer digitalt og protokollen blir ikkje manuelt signert.
- d. Protokollen blir utarbeidd kort tid etter møtet og vert som hovudregel lagt fram for godkjenning i påfølgjande styremøte.

2. Journalføring og arkivering

All dokumentasjon frå styremøte, inkludert innkallingar, protokollar og saksdokument, blir journalført og arkivert i ACOS hos Kinn kommune. Dette sikrar at dokumentasjonen blir

handtert i samsvar med arkivlova og føretaket sitt ansvar for forsvarleg dokumentasjonsforvaltning.

3. Retningslinjer for protokollføring

I forkant av kvart møte utarbeider dagleg leiar eit forslag til referat som inneheld informasjon om møtetidspunkt, innkalling og deltakarar, sakliste samt forslag til vedtak. Vedtaka blir fylte ut under møtet av styreleiar og så gjennomgått av dagleg leiar etterpå. Dokumentet vert så oversendt Kinn kommune som genererer protokoll og arkiverer i ACOS mv.

Dagleg leiar har bede styreleiar om ei tilbakemelding om kva som er praksis i Bordgleder KF for protokollering, om denne etter hans meining skil seg frå andre føretaksstyrer mv. Han svarar:

«Bordgleder KF har etter mi vurdering eksakt same praksis som andre føretak i kommunen som eg har vore styremedlem i, som samsvarar med den praksis kommunen har i kommunestyre og formannskap mv. Vedtak blir protokollert, det same blir dissensar og alternative framlegg. Det enkelte styremedlem og dagleg leiar kan be om at opplysningar/tillegg/ting dei har meiningar om blir særskilt protokollert, og praksis er då at det skjer uavhengig av kva dei andre måtte meine. Utover vedtak og anna formalia som alltid skal protokollast, så er det ei skjønnsmessig vurdering kva som bør protokollast og ikkje. Når det til dømes er avklart at noko styret lurar på er i orden, så er det ikkje alltid det blir protokollert dersom det har kome opp munnleg. Også dette er i samsvar med praksis i kommunen og i god styreskikk.

Styret må stadig evne å betre praksis. Vi bør kanskje blir flinkare til å protokollere også dei kurante sakene som blir spurt om lauseleg under orienteringar, for å motverke at det kan skapast spekulasjonar i etterkant. Notoriteten er alltid bra. Ofte ser eg at protokollane våre viser til at noko vert vedteke i tråd med framlegg og utgreiing i sak, utan at protokollen inneheld alle detaljar. Ein må då aktivt gå inn i framlegg til møtet det gjeld for å finne underlaget til saka. Dette er ikkje ein ulovleg praksis, og er noko fleire føretak og politisk utval gjer, men det er kanskje noko for knotete. Vi bør sjå på ei betre ordning her.»

4. Skilje mellom dagleg drift og styresaker

På kvart styremøte har dagleg leiar eit eige punkt knytt til drift og salsarbeid. Under dette punktet blir det gjort greie for drifta sidan førre styremøte, inkludert eventuelle avvik, sjukefråvær, økonomi, salsarbeid og vidare drift. Desse orienteringane blir refererte i protokollen på overordna nivå.

Saker som berre er «omtalt i samtalar» blir ikkje tekne inn i protokoll eller referat, med mindre det farmstår nødvendig eller nokon i møtet krev det. (Sjå kommentar frå styreleiar innteke i punkt 3).

Halvor Halvorsen

Dagleg leiar
Bordgleder KF